



Olav Andre Soltveit
Mjukebakkane 8
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3727 - 22/38624

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
19.05.2022

Løyve til seksjonering av gbnr 322/277 - Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr:

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 322/277 i 6 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	1/6	N	G
2	1/6	N	G
3	1/6	N	G
4	1/6	N	G
5	1/6	N	G
6	1/6	N	G

Saka gjeld

Olav Andre Soltveit har sendt inn søknad om oppdeling av egedomen gbnr. 322/277 i eit seksjonssameige beståande av totalt 6 næringsseksjonar. Det er søkt om og gitt løyve til oppføring av eit lagerbygg på egedomen. Kvar av seksjonane skal ha eksklusivt uteareal.

VURDERING:

Søknad om seksjonering er innsendt til kommunen med fylgjande vedlegg:

- Søknad om seksjonering
- Situasjonsskart med seksjonsinndeling
- Vedtekter for sameige

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

- Kopi av løyve til oppføring av lagerbygg
- Samtykkje til tinglysing
- Rekvisisjon av oppmålingsforretning

Det er avsett tilstrekkeleg parkeringsareal på eigedomen.

Alle seksjonane har eigen inngang frå felles uteareal eller eksklusivt uteareal. Ingen av seksjonane må gå over andre seksjonar til sin inngang.

Kvar av seksjonane har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige areal eller felles uteareal.

Etter gjennomgang av innsendte dokument finn kommunen at seksjoneringsøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar.

Oppmålingsforretning:

Det er rekviert oppmålingsforretning for tilleggsareal i grunn. Det er ønske frå rekviert at oppmålingsforretninga vert gjennomført som ei kontorforretning utan oppmøte i marka. Landmålar i saka finn at dokumentasjonen som er sendt inn er tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre saka som ei kontorforretning. Det er nytta koordinatar og avstandar som vart sendt kommunen som vedlegg til rekvisisjon av oppmålingsforretning ved oppretting av tilleggsareala.

Oppmålingsforretninga vert varsla på vanleg måte, og gjennomført som ei kontorforretning.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekviert med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokumenta saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyste dokument frå kartverket, vert matrikelbrev for eigedomen etter seksjonering med saksdokumenta sendt rekviert.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/3727»

Med helsing
Alver kommune Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Seksjoneringsteikningar
Søknad om seksjonering
Utendørs tilleggsareal
Vedtekter for sameige
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Olav Andre Soltveit

Mjukebakkane 8 5918

FREKHAUG